



Gudbrandsdalsmusea

Styreårsmelding 2016

Gudbrandsdalsmusea AS har som formål å drive museumsverksemd i samsvar med selskapet sine vedtekter og andre styringsdokument.

Selskapet si selskapsadresse er i Sel kommune med fylgjande avdelingar

- Lesja avd. 3a/Lesja bygdemuseum, marknadsansvarleg, avd. 9/bygningsvernådgjevar og regional arkeolog
- Dovre avd. 3b/Einbustugu og 5b/Opplandsarkivet
- Vågå avd. 4/Jutulheimen, 5c-d/Opplandsarkivet og skuleformidlingsansvarleg
- Lom avd. 2a/Lom bygdemuseum, 2b/Stavkyrkjesenter, 10/Norsk Fjellmuseum og samlingsansvarleg
- Skjåk avd. 5a/Opplandsarkivet
- Sel avd. 1b/bergverksutstilling, Industriregistrator og felleskontor
- Nord-Fron avd. 5e/Folkemusikkarkivet for midt- og sørdalen/Opplandsarkivet og 7/Gudbrandsdal Krigsmnnesamling
- Sør-Fron avd. 1a/adm, 1d/Tusenårsstad, 5e/Opplandsarkivet, 8/Pilegrimssente og, 11/gårdsbutikk
- Ringebu avd. 5f/Midtdalsarkivet/Opplandsarkivet og 6/Stavkyrkjeutstillinga

Styret hadde i 2016 5 styremøte (2015: 6) og handsama 44 saker (48). Det var ordinær generalforsamling 25. mai i Ringebu Prestegard, Ringebu. Det var ikkje eigarmøte i 2016-

Museet hadde i 2016 70 300 (54 022) registrerte besøk, ein auke på 30.1 % (23,7 %).

Driftsresultatet for 2016 var kr. 216 999 (-39 943). Årsresultatet syner eit resultat kr. 262 428 (32 083). Årsresultatet tilførst annan eigenkapital.

Bankinnskott var pr. 31.12.16 kr. 5 967 420 (5 075 986). Selskapet har ein eigenkapital pr. 31.12.2016 på kr. 2 467 447 (2 217 018).

Styret meiner at årsrekneskapan gjev eit rettvist bilete av eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat for selskapet. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 stadfestar vi at forutsetting for fortsatt drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapan.

Av 14 (14) fast tilsette pr. 31.12.2016 er det 7 menn og 7 kvinner (tilsvarande. i årsverk 4,6 og 6). Av desse er 7 i 100 % stilling: 3 menn og 4 kvinner. Det er ikkje sett i gang særskilte likestillingstiltak gjennom året. Ein person har gått av med pensjon i 2016.

Styret har 3 menn og 4 kvinner (jf. 1. personleg vara: 5 menn og 2 kvinner).

Dei tilsette har ein frammøteprosent på 87 % (93). Det har ikkje vore uhell med personskade i 2016. Arbeidsmiljøet er godt. Museet er medlem i Gudbrandsdal Bedriftshelse-tjeneste og er IA-bedrift.

Styret kjenner ikkje til at selskapet forureinar det ytre miljø. Det er innført kjeldesortering der det er mogeleg. Det er oppfordra til samkøying til møte og bruk av off. kommunikasjon.


Lesja 23. februar 2017

Styret for Gudbrandsdalsmusea AS


Jan Reinert Rasmussen


Styreleiar


Eldrid Rudland


Signe Thoresen



Berit E. Meinigen


Einar Høystad


Torveig Dahl

direktør/spkr. styret


Bård Hanem


Gunhild H Hansen